



**INNKALLING TIL
MØTE I
REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER**

TIL STYREMEDLEMMENE I RNH

Dato: Torsdag 11.11.2015

Stad: Hotel Ullensvang

Tid: Kl.09.00 – 11.00

Agenda:

Klokka 09.00 Møte i Regionalt Næringsfond Hardanger

Klokka 11.30 Lunsj

Klokka 12.30 Hardangerkonferansen 2015

Til sakshandsaming RNH:

 **RNH – sak 01/15 Meldingar**

 **RNH - sak 02/15 Tilbakeføring av unytta tilsegner.**

 **RNH – sak 03/15 Tildeling av midlar frå Regionalt Næringsfond Hardanger 2015**

 **RNH – sak 04/15 Avvikling av Fondsstyret i Regionalt Næringsfond Hardanger.**

Styremedlem som ikkje kan møta, kallar sjølv inn varamedlem. Meld dette til Trude L. Rinaldo 53 67 14 50.

Ta kontakt med Jostein Eitrheim dersom det er spørsmål til innkalling og saker.

Kinsarvik 02.11.2015

**Jon Larsgard/s
Leiar RNH**

**Jostein Eitrheim
Dagleg leiar**

Saksutgreiing 2015 til Regionalt Næringsfond Hardanger

Møtedato 11.11.2015	Saksansvarleg: Jostein Eitrheim
Fondsstyret til Regionalt Næringsfond Hardanger	Sakshandsamar: Leiv Vambheim

RNH – sak 01/15 Meldingar

1. Rapport 2014 til HFK
2. Utlysing av midlane for 2014
3. Retningsliner for RNH av 25.04.2013

Møtedato 12.11.2014	Saksansvarleg: Jostein Eitrheim
Fondsstyret til Regionalt Næringsfond Hardanger	Sakshandsamar: Leiv Vambheim

RNH – Sak 02/15 Kansellering/tilbakeføring av unytta tilsegn 2013.

I retningslinene av 25.04.2013 under sakshandsaming 3.dje kulepunkt står det at "Tilsegn om fondsmidlar frå RNH skal normalt trekkjast inn etter 18 månader dersom dei ikkje er utbetalte". Sjå melding nummer 3. Det er blitt praksis at dei tilsegner som skal opphevast treng vedtak i styret i RNH. Tilbaketrekte midlar vart tidlegare ført tilbake til Udisponerte midlar i fondet. Etter ein gjennomgang av midlar tildelte i 2013, finn me at alle tilsegner er tekne i bruk og at det er ingen restanse å trekkja inn.

Møtedato 11.11.2015	Saksansvarleg: Jostein Eitrheim
Fondsstyret til Regionalt Næringsfond Hardanger	Sakshandsamar: Leiv Vambheim

RNH – sak 03/14 Tildeling av midlar frå Regionalt Næringsfond Hardanger 2014

Saksvedlegg:

1. Søkjarliste 2014.
2. Saksutgreiingane
3. Kriterieoversikt RNH, RNH og KMD

Saksutgreiing:

I tråd med dei gjeldande retningsliner for RNH så er informasjon om fondet offentleggjort i lokalavisene med søknadsfrist 01.09.2015.

Utlysingar om fondet er også lagt på Hardangerrådet iks si heimeside, kommunale heimesider og med informasjon til næringsorganisasjonar.

Hordaland Fylkeskommune har i Brev til Hardangerrådet meddelt at tildeling til RNH er slutt frå og med 2015.

Rapporten for 2014 ser slik ut:

Overført frå tidlegare for disponering i 2014	980 739
Tilført frå Hordaland fylkeskommune 2014	1 044 000
Tilført frå andre i 2014/Skjønnsmidlar	200 000
Tilbakeførte tilsegn i 2014	120 000
Renteinntekter og andre tilførsler	122 937
SUM TIL DISPOSISJON I 2014	2 467 676

Tilsegn gitt i 2014	1 070 000
Administrative kostnader belasta i 2014	104 000
Andre disponeringar	
Skjønnsmidlar	200 000
Overført for disponering i 2015	1 093 676
SUM DISPONERT I 2014	2 467 676

Styret i RNH har gjennom åra bygt opp eit fond for å ha til fleksibel bruk av tilsegner. Fondet er pr 01.01.2015 på 1.093.676 kr. I saksframstillinga har eg tilrådd tilsegner for 1.090.000 kr og det betyr at eg tilrår å bruka opp midlane. Renta så langt i 2015 er rundt 50.000 kr og ikkje disponert. Restsummen i fondet, etter tildeling 2015, tilrår eg at Hardangerrådet får til den avsluttande administrasjonen. Dette vert siste året med tildeling frå RNH og midlane er tilrådd oppbrukte og fondsstyret vert avvikla.

Dersom det etter årets tildeling er viser seg å koma til ubrukte midlar, så tilrår eg dei overført til Hardangerrådet slik at dette fondet i si heilheit kan avviklast pr 31.12.2016.

Vurdering

De er kome inn i alt 27 søknader og innan søknadsfristen. Dette er 1 færre enn i i fjor. Ein søknad vart trekt etter innlevering. Det er 12 innleggingar i systemet som ikkje er sendt til registrering. Samla søknadssum er på 3.675.000 kr.

Tal søknader og breidda i søknadane viser at dette fondet er godt kjent . Dei fleste av søkjarane rettar dokumentasjonen sin inn etter retningslinene men nokre søknader ikkje er i tråd med retningslinene, spesielt til investering og drift. Det er naturlege variasjonar kva kommune søknadane har opphav i, men dei fleste aktuelle søknadane har regionalt nedslagsfelt som grunnlag. Søknadane er ulikt dokumenterte, og dei fleste tiltak fell innanfor retningslinene i RNH sine 5 strategiar. Regional Næringsplan for Hordaland har i 2014 erstatta RUP-dokumentet og det har medført ei kraftig innsnevring i søknader som tilfredsstillar HFK sine kriterier. Kommunal og regionaldepartementet sine kategoriar for tildeling er kanskje avvikla sidan statsmidlane er trekte inn, men eg har for sikkerheit skuld teke dei med sidan ein framleis forhold seg til det statlege RF1350-systemet (Regionalforvaltning.no)

Eg har vurdert rammene og søknadane. Søknader som dreiar seg om midlar til investering eller til drift vert vurderte som ikkje aktuelle innanfor fondet sine retningslinjer. Mange søknadar har urealistiske forventningar til støtte, enten tek dei kraftig i eller så er finansieringsplanen håpefull. Desse har eg ikkje funne å støtta med småmidlar.

Eg tilrår 12 søknadar for tildeling og 15 for avslag. Eg har forstått det slik gjennom tidlegare års tildelingar at styret ønskjer å dela ut motivasjonsmidlar til fleire framfor å fullt ut støtta nokre få. Det er nok slik at for dei større tiltaka er dette næringsfondet for lite, og dei høyrer meir naturleg under Hordaland Fylkeskommune eller Innovasjon Norge sine midlar. For nokre tiltak tilrår eg heile søknadssummen då dei er del av eit fleirårig løp eller vert prioriterte. For Ungt Entreprenørskap tilrår eg faktisk å løyv dobbelt av omsøkt i 2015 fordi det prosjektet var ein del av ein 3 årig plan i tidsrommet 2014-2016. At UE no har forlengja til 2017 kan ikkje RNH hjelpe til med. Eg tilrår å gi nokre reduserte tilsegner for å støtta fleire søkjarar. Slik er fordeling av søknadane etter RNH sine retningslinjer og mine tilrådingar:

Strategi 1 Nyskaping og kompetanse:

Den mest omsøkte strategien denne gongen med 4 av 8 søknader tilrådd.

Strategi 2. Industri og internasjonalisering:

Ingen aktuelle i denne strategien

Strategi 3. Landbruksbasert bygdeutvikling.

Denne strategien har 3 av 4 søknader tilrådingar.

Strategi 4. Kulturbaserte næringer:

Denne strategien har 3 av 5 søknader tilrådingar

Strategi 5. Reiseliv:

Denne strategien har 2 av 7 søknader tilrådingar.

Framlegg til vedtak:

1. Regionalt Næringsfond Hardanger fordeler midlar for 2015 slik:

Søknad	Søklar	Prosjektnamn	Omsøkt	Tilrådd frå fond
1	<i>Ikkje registrert</i>			
2	Is Fjordvegen Rute 13	Vegutbetring RV 13 Brattlandsdalen	100 000	100 000
3	Stiftinga Høgskuleunderv i Hardanger	Kompetansepakke i reiselivet	60 000	30 000
4-7	<i>Ikkje registert / 5 Trekt</i>			
8	Hardangerrådet iks	Merkevare Hardanger	50 000	25 000
9	Hardangerrådet iks	Loklamatnettverk	100 000	50 000
10	Næringshagen i Hardanger	Etablerarstøtte oppstart	100 000	75 000
11	Hardanger Eple	Næringsstilskot	325 000	-
12	<i>Ikkje registert</i>			
13	Kalaas Konsult	Utstyr til kursing	100 000	-
14	Næringshagen i Odda	Ungt Entreprenørskap	200 000	400 000
15	Hardanger og Voss Museum	Vekst Hardanger Fartøyvernsester	350 000	-
16	Slow Food Hardanger	Terra Madre Hardanger 2015	100 000	100 000
17	<i>Ikkje registret</i>			
18	Trolltunga Climbing Senter	Cyanamiden klatresenter Odda	150 000	75 000
19	Vikebygd landskapsark	Oppfølging stadanalyse	50 000	25 000
20	Hermine verksemd U E	Etablerartilskot oppstart	150 000	-
21	<i>Ikkje registert</i>			
22	MS Lindenes	Heimkjøp av MS Lindenes	150 000	-
23	<i>Ikkje registert</i>			
24	Din Stil	Innovasjon kommunal sektor	195 000	-
25-28	<i>Ikkje registert 25,26,27,28</i>			
29	Hardanger Fjordfrukt	Dyrk Smart III	100 000	100 000
30	Røldal Reiselivslag	Pilegrimsmålet Røldal	300 000	-
31	Stiftinga Messen	Tilskot utbetring	250 000	-
32	Hardanger Energi	Hurtigladesstasjonar i Hardanger	100 000	-
33	WellGuard AS	Deltaking i Techmakers	75 000	-
34	Vaksenopplæring Odda kommune	Forprosjekt frå introkurs til fagarbeidar	110 000	-
35	Reisemål Hardanger Fjord	Sjøaure Hardanger Forprosjekt	100 000	-
36	Reisemål Hardanger Fjord	Vandredestinajon Hardanger	200 000	50 000
37	<i>Ikkje registrert</i>			
38	Håkon Kvestad	Skifer Søknad II	60 000	60 000
39	Harding Puls	Bokprosjekt	100 000	-
40	MATkonferansen i Eidfjord	Tilskot 2015	50 000	-
41	Følgefonna Ecoturisme	Juklafjord vidareutvikling	50 000	-
	Fondsavsetjing			-
	Sum		3 675 000	1 090 000

2. Restmidlane i fondet vert tilført Hardangerrådet iks til administrasjon av fondet.

3. Dersom det kjem fram ubrukte midlar i RHN etter oppgjeret i 2015, vert desse midlane tilført Hardangerrådet iks til prosjekttiltak i regi av Rådet.

REGIONALE NÆRINGSFOND – ÅRSRAPPORT FOR 2014
Frist 1. mars 2015

REGION: _____ Hardanger _____


DEL 1. OVERSIKT OVER DISPONERINGA AV MIDLANE I 2014 ("BALANSE")

TIL DISPOSISJON 2014	
Overført frå tidlegare for disponering i 2014	980 739
Tilført frå Hordaland fylkeskommune 2014	1 044 000
Tilført frå andre i 2014/Skjønnsmidlar	200 000
Tilbakeførte tilsegn i 2014	120 000
Renteinntekter og andre tilførsler	122 937
SUM TIL DISPOSISJON I 2014	2 467 676

Stad og dato: 18. feb. 2015


(administrativ leiar av regionråd)

DISPONERT 2014	
Tilsegn gitt i 2014	1 070 000
Administrative kostnader belasta i 2014	104 000
Andre disponeringar	
Skjønnsmidlar	200 000
Overført for disponering i 2015	1 093 676
SUM DISPONERT I 2014	2 467 676


(styreleder for regionalt næringsfond/regionråd.)

DEL 2: ATTESTASJON AV REVISOR VIL BLI GJENNOMFØRT I SAMBAND MED ÅRSREKNESKAPEN FOR SELSKAPET

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for det regionale næringsfondet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i årsrekneskapen. Revisor skal utføre kontrollhandlinger som gjev tilsegnsyklar ei forvissing om at opplysningane i årsrekneskapen er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrert i rekneskapen.

Avtalte kontrollhandlinger opp mot årsrekneskapen for det regionale næringsfondet vil bli gjennomført.

Stad og dato: Voss, 20.02.15

(stempel og signatur av revisor)

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

DEL 3: UTFYLLANDE OPPLYSNINGAR (utvidast ved behov, helst ikkje meir enn 2 sider)


Det er gjort slike disponeringar frå fondsavsetjingane:

Tilsagn 10/14	Matkonferansen i Eidfjord	Kr. 20.000,-
Tilsagn 33/14	Skifer, bygningsarven i Hardanger	Kr. 60.000,-
Tilsagn 39	Merkevare Hardanger	Kr. 50.000,-

Totalt disponerte fondsmiddlar i 2014

Kr. 130.000,-

Stad og dato, 18. feb. 2015


(administrativ leiar regionråd)


(styrelseleiar regionalt næringsfond/regionråd)



REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2015

Grunnlag.

Hardangerrådet har frå 2004 til 2014 årleg fått midlar til Regional Næringsutvikling, løyvde av Hordaland fylkeskommune med grunnlag frå Statsbudsjettet kap 551 post 60.

Hardangerrådet har teke ansvaret for forvaltninga av midlane og kallar det Regionalt Næringsfond Hardanger(RNH). Hardangerrådet er ansvarleg for sakshandsaminga av søknadane fram til fondsstyret som består av dei 7 Hardangerordførarane og 2 næringslivs representantar. I 2015 er ikkje nye midlar tildelt RNH. Fondet er avvikla, men har 1 mill. kroner i restmidlar. **RNH vil i 2015 ha tildeling for siste gong med søknadsfrist 01.09.**

Retningslinjer.

På bakgrunn av føringar frå stat og fylkeskommune har Hardangerrådet vedteke lokal strategi og egne retningslinjer for forvaltninga av RNH. Tiltak av regional karakter er fokuset.

Investeringar i bygg, faste installasjonar og driftstiltak fell utanfor RNH.

Strategisk plan og retningslinjer (korrigert 25.4.2013) finn du på www.hardangerraaadet.no

Kontakt med Hardangerrådet på tlf: 53 67 14 50 eller mail: post@hardangerraaadet.no

Søknaden

Det må søkjast direkte på nettbasert søknadsskjema i www.regionalforvaltningen.no

Støtteordninga vår heiter Regionalt Næringsfond Hardanger. Du kan logga deg direkte på frå nettsida til Hardangerrådet. Kun digitale søknader vert behandla.

Søknadsfristen er 01.09.2015 med tildeling siste halvdel av november.

Fylkeskommunale prioritering 2014 Regional Næringsplan for Hordaland 2013-2017

4.3 Meir entreprenørskap og innovasjon

4.3.1 Fleire gode gründerar

4.3.2 Fleire vekstkraftige verksemder

4.3.3 Fleire innovative Næringsmiljø

4.3.4 For å få meir entreprenørskap og innovasjon skal vi særleg:

- Stimulere til at fleire startar eiga verksemd mellom anna gjennom Ungt Entreprenørskap
- Bidra til finansiering av verksemder i tidleg fase og til utviklingsprosjekt med risiko
- Følgje opp nystarta verksemder med «internasjonalt» vekstpotensial
- Motivere fleire verksemder til å bruke eksisterande program for å kople næringsliv og FoU-miljø
- Arbeide for å styrke samspelet mellom FoU-institusjonar og næringslivet, for enno betre å imøtekomme behova til næringslivet
- Stimulere til innovasjon i etablerte verksemder, mellom anna gjennom klyngeutvikling og utvikling av nye innovative næringsmiljø med vekstpotensiale

4.4 Fleire med relevant kompetanse

4.4.1 Fleire elevar med fullførte fagbrev

4.4.2 Betre rettleiing og meir praktisk innsikt

4.4.3 Betre tilrettelegging for rekruttering av utanlandsk arbeidskraft

4.4.4 For å få fleire med meir relevant kompetanse skal vi særleg:

- Utvikle fleksible utdanningsmodellar med meir veksling mellom teoretisk og praktisk læring
- Auke kunnskapen hjå rettleiarane og styrkje elevane si innsikt i næringslivet, slik at elevane vel utdanningar som dei har føresetnader for å gjennomføre
- Kartlegge og kvalitetssikre tilgjengelege læreplassar årleg, og la dette vere ein del av avgjerslegrunnlaget når dimensjonering av klassestruktur i fylket vert vedteke.
- Styrke framandspråkopplæringa.
- Forbetre og samordne offentlege tilbod slik at verksemder blir meir motiverte til å rekruttere utanlandsk arbeidskraft og arbeidstakarane vert buande lengre i Hordaland

4.5 Ein velfungerande bergensregion og attraktive regionale senter

4.5.1 Framtidig verdiskaping i bergensregionen føreset regionale løysingar på Arealbehov

4.5.2 Utvikling av regionale senter skal gje vekst i folketal og verksemder i distrikta

4.5.3 For å sikre næringslivet i bergensregionen tilstrekkeleg areal og utvikle attraktive regionale senter skal vi:

- Følgje opp BRB-utgreiinga om arealbehova og la konklusjonane vere viktige premiss i areal- og transportplanen for bergensområdet
- Utvikle attraktive regionale senter i distrikta ved mellom anna sterkare prioritering av næringsretta verkemiddel til slike senter
- Sikre at infrastrukturen er tilpassa næringslivet sine behov
- Auke fleksibiliteten til Fagskulane i Hordaland, slik at desse kan verte tilbydd etter behov i heile fylket

Bransjar med særskilt fokus Innsatsområder i 2014

Energi:

- Stimulere til auka berekraftig produksjon av fornybar energi.
- Arbeide for auka konkurransekraft i leverandørindustrien, særleg knytt til gjennomføring av større feltutbyggingar og -opprustingar.

Maritime næringer:

- Arbeide for å bli eit føregangsfylke innan «clean-shipping» gjennom målretta miljøtiltak.

Marin sektor:

- Stimulere til berekraftig marin sektor i heile verdikjeda.
- Sikre næringa tilstrekkeleg tilgang på sjøareal for vidare vekst og utvikling.

Reiseliv:

- Utvikle ein god og kompetent struktur for reiselivsselskapa i Hordaland og på Vestlandet.
- Legge til rette for betre samordning mellom reiseliv og samferdsle.

Landbruk:

- Medverke til tiltak for auka lokal matproduksjon, særleg i relasjon til kultursektoren, marin sektor og opplevingsbasert reiseliv.
- Legge til rette for industriell utvikling i verdikjeda for frukt.
- Stimulere til auke i produksjon av mjølk og kjøtt i Hordaland.

Medie- og kulturbasert næringsliv:

- Etablering av nasjonalt kompetansesenter for spillutvikling i Bergen.
- Følgje opp og aktivt bidra til realisering av MediaCityBergen.

Hovudkategoriar frå KRD:

0110 Næringshagar
0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer
0130 Industriinkubator
0140 Forsknings-/kunnskapsparkar
0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling
0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år
0250 Transportstøtte
0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år
0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning
0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule
0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap
0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetanseheevande tiltak for befolkning og samf
0510 Breibands-, mobil- og IKT –tiltak
0520 Vatnforsyning
0530 Transportinfrastruktur
0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur
0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga
0710 Stedsutvikling
0720 Profilerings og marknadsføring av eit område
0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader
0900 Andre tiltak

Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:

- 1. Nyskaping og kompetanse*
- 2. Industri og internasjonalisering*
- 3. Landbruksbasert bygdeutvikling*
- 4. Kulturbaserte næringar*
- 5. Reiseliv*



REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER.
Vedteke korrigering pr 25.04.2013
I . Strategisk plan.

Bakgrunn:

Hardanger har mellom anna framtidsorientert industri, pulserande kulturliv, spennande reiseliv, spisskompetanse i fruktnæring.

RNH vil styrkja gründerånd og etablerarkompetansen i regionen.

Mål:

RNH skal medverka til å løysa ut verdiskapingspotensialet i Hardanger ved å leggja til rette for og gi støtte til regionalutvikling, næringsutvikling og etablerartiltak i regionen.

Strategiar:

RNH får si tildeling frå Hordaland fylkeskommune og skal gjennom sine vurderingar av vidare støtte til næringsutviklinga i Hardanger reflektera ei til ei kvar tid gjeldande prioriteringar i Regionalt Utviklingsprogram for Hordaland.

Attraktive og aktiv lokalsamfunn er avgjerande for at folk skal trivast og rekruttera naudsynt kompetanse for næringsliv og etablering..

Dersom følgjande område ikkje er med i gjeldande RUP, så skal RNH leggja slike spesifikke lokale prioriteringsområde til grunn:

1. Nyskaping og kompetanse.

Nye arbeidsplassar i tradisjonelle og utradisjonelle næringer basert på naturgjevne, kulturelle og menneskelege ressursar er hovudmålsetjinga for RNH. Hardanger skal ta del i den innovasjon som kjem fram gjennom kreative kunnskapsbaserte tenesteytarar og stimulera nettverk, nyetablering og til auka etterspørsel etter tenester.

Leggja til rette for tilflytting av kompetansearbeidsplassar. Viktig er det også å setja fokus på fagutdanning samt etter- og vidareutdanning.

2. Internasjonalisering.

Gjennom å utnytta nettverket i industri, kultur og reiseliv, samt aktiv kontakt med VestNorsk Brüsselkontor ilag med Fylkeskommunens sitt Internasjonale kontor, skal næringer og kommunar i Hardanger vera aktive internasjonale aktørar.

3. Landbruksbasert Bygdeutvikling.

Landbruket er eit av dei bærande elementa i næringsstruktur og landskapspleie i Hardanger. Landbruket representerer verdiskaping for samfunnet langt ut over talet på direkte sysselsette i næringa. Reiselivet er avhengig av eit levande landbruk. Ressursgrunnlaget på bygdene må i større grad utnyttast til næringsutvikling og busetjing.

4. Kulturbaserte næringer

Hardanger har dei beste føresetnader for å skapa næring på grunnlag av tradisjonelle og moderne kulturytringar. Levande tradisjonar og blømande kunstuttrykk må stimulerast til nye inntekspotensiale og næringer med bakgrunn i Hardanger. Kulturbaserte næringer er også gode døme på meirverdien Hardanger gir sine innbyggjarar og gjester.

5. Reiseliv.

Hardanger er eit av dei fremste reisemåla i Noreg og del av Fjordane som utpeika det internasjonalt beste reisemålet. Hardanger vil utnyttja synergiane mellom reiseliv, landbruk og kultur til nyskaping og vidareutvikling av produkt- og merkenamnet Hardanger.

II. Retningslinjer.

Styre:

RNH skal ha eit styre på 9 medlemmer. Regionrådet (ordførarane) i dei 7 Hardangerkommunane/herada og 2 frå lokalt næringsliv.

Sakshandsaming.

- Dagleg leiar i Hardangerrådet er ansvarleg for sakshandsaminga. Hardangerrådet kan leiga dette hos næringssselskap eller kommunar i Hardanger. 20% av årleg fylkeskommunale tildelte midlar kan årleg verta sett av til oppbygging av RNH frå 2004. Renteinntekter og anna avkasting vert årleg tillagt fondet.
- Regionalt Næringsfond Hardanger vert lyst ut og tildelt 1 gong i året med søknadsfrist 01.09.
- Tilsegn om fondsmidlar frå RNH skal normalt trekkjast inn etter 18 månader, dersom tiltaket ikkje er starta opp.
- Før utbetaling skal søkjar dokumentera fullfinansiering.
- Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalte dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden.

Forvaltningsprinsipp.

- RNH skal gje tilskot til tiltak i dei 7 Hardangerkommunane. Om tiltaket også har verknad for nabokommunar til Hardanger, er dette ikkje til hinder for støtte.
- RNH kan nyttast til støtte til prosjekt i regi av kommunar og kommunale verksemder. RNH kan ikkje nyttast til drift eller investering for kommunar eller kommunale verksemder.
- RNH kan nyttast til etablerarstøtte, prosjektstøtte, forstudie og utgreiingar i einskildverksemder, men ikkje til investering i bygg/faste installasjonar eller drift. RNH skal forvaltast i best mogeleg koordinering med kommunale næringsstøtteordningar. Av omsyn til samordning av offentleg støtte, må det i søknaden koma fram kva finansieringskjelder som vert omsøkte. Søkjar er ansvarleg for at samla offentleg støtte ikkje overstig gjeldande regelverk.
- Tilsegn frå RNH vert utbetalt med 50 % av summen ved oppstart av fullfinansiert tiltak og 50 % når det er levert godkjent rekneskap som viser bruken av midlane ved avslutta tiltak.
- Tilskot inntil 30.000 kr kan utbetalast i ein sum.
- Tiltak som har regionalt perspektiv skal prioriterast ved tildelingar frå RNH.
- Ved vurdering av tilsegn RNH skal ein leggja vekt på realismen for gjennomføring.

Møteboka godkjent 25.4.2013

Ingebjørg Winjum
Leiar RNH

Hans Petter Thorbjørns
Styremedlem

Anved Johan Tveit
Styremedlem

RNH 2015 Søknad nr 0002 Vegutgreiing Brattlandsdalen IS Fjordvegen Rute13

Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0530 Transportinfrastruktur
Prioritet frå RNP/Hfk: Samordning mellom Reiseliv og samferdsel
Strategi frå Hardangerrådet: 5. Reiseliv

B. Vurdering:

Søknaden frå Is Fjordvegen Rute 13 omhandlar midlar til å setja i gang utgreiingsarbeid med føremål å konkretisera utbetring av eit vegparti på Rv 13 mellom Håra i Røldal og Nesflaten i Suldal.

Søkjaren skriv:

Riksveg 13 er den indre stamvegen på Vestlandet gjennom 3 Vestlandsfylke. Vegen er livsnerva forinnbyggjarar og næringsliv i kommunane han går gjennom. Riksveg 13 har dei sist 10 åra stadig blitt oppgradert med mange store og mindre vegprosjekt som er gjennomførte, under arbeid og på planstadiet langs vegen. Men det er mange smale parsellar og rasfarlege strekningar som treng utbetring og Rv 13 er den Riskvegen som har lågast prosent Riksvegstandard. Aust Vest Utgreiinga frå Samferdselsdirektoratet tilrår å etablere E 134 som ein hovudveg mellom vest-aust, og Rv 13 vil kryssa E 134 i Røldal og knyter Ryfylke til stamvegen. Den store flaskehalsen for denne tilknytninga er vegstandard og rasfaren på Rv 13 strekninga Nesflaten – Håra gjennom Brattlandsdalen. Dette prosjektet skal gje grunnlag for å oppdatera planarbeidet og konkretisera tiltak for sikker veg med gul stripe. IS Fjordvegen Rute 13 vil setja i gang eit prosjekt som fokuserer på å forsera utbetring av strekninga Nesflaten - Håra med fokus på Brattlandsdalen og langs Røldalsvatnet.

Denne søknaden tek sikte på å få i gang eit utbetningsarbeid på ein smal og rasfarleg Riksveg (tidlegare stamveg). Vegen ligg mellom Turistveg Ryfylke og Turistveg Hardanger og er slik ein viktig link mellom desse destinasjonane. Eit døme er den nye bussruta mellom Trolltunga og Preikestolen.

Finansieringa er eit spleiselag mellom Ryfylke og Hardanger, og kommunane Sulda og Odda. Eg tilrår å delta i dette spleiselaget for å få fram fokuset på denne vegstrekkinga.

Potensiale i dette prosjektet er avgjerande for den framtidige regionale utviklinga. Eit perspektiv er når ny hovudveg Aust Vest går via Haukeli, så er armen til Stavanger gjennom Ryfylke eit attraktiv vegval. For reiselivet på det indre Vestlandet er ei slik utbetring viktig.

Evnen til å gjennomføre prosjektet har IS Fjordvegen Rute 13 som prosjekteigar gjennom sekretariatet sitt.

Framlegg til vedtak:

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev IS Fjordvegen Rute 13 tilsagn om 100.000 kr i prosjektstøtte for 2015 til Vegutgreiing Rv 13 Brattlandsdalen.
2. Tilsegn vert administrert av IS Fjordvegen Rute 13 ved dagleg leiar.
3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjar.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ved fullført prosjekt.
5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0003 Kompetansepakke i Reiselivet
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0400 Utvikling av utdanning og kompetansetilbod
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.4.4 Fleire med relevant kompetanse
Strategi frå Hardangerrådet: 5. Reiseliv

B. Vurdering:

Søknaden frå Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger har som tanke å utvikla ein kompetansepakke for eksisterande reiselivsverksemder i Hardanger.

Søkjaren skriv:

Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger vil gjennom det nye prosjektet "Kompetansepakke i reiselivet" tilby reiselivsaktører kompetanseheving gjennom modulbasert undervisning innen produktutvikling, markedsføring og økonomi for å danne grunnlaget for en større grad av en profesjonalisering av reiselivet i Hardanger, bidra til vekst i små reiselivsbedrifter og mer helårs reiseliv.

Dette prosjektet er eit arbeid som vil styrkja kompetansen til dei som arbeider i reiselivsnæringa i Hardanger og er eit framtidsretta støtteverdig tiltak. Av omsyn til avgrensa midlar i RNH så er vurderinga at prosjektet kan få noko støtte og at næringa sjølv må visa bidragsvilje. Eg tilrår 30.000 kr frå RNH og ein må kunna forventa mellomlegget frå Næringa.

Potensiale i prosjektet er profesjonalisering og styrking av kunnskapane til dei mange som arbeider i reiselivsnæringa i Hardanger

Evnen til å gjennomføre prosjektet har Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger som prosjekteigar gjennom sekretariatet sitt.

Framlegg til vedtak:

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger tilsagn om 30.000 kr i prosjektstøtte for 2015 til Kompetansepakke i reiselivet
2. Tilsegn vert administrert av Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger ved dagleg leiar.
3. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
4. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
5. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
6. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0008 Merkevere Hardanger
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0530 Transportinfrastruktur
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.5.3 Utvikling av Regionale sentra
Strategi frå Hardangerrådet: 5. Reiseliv

B. Vurdering:

Søknaden frå Hardangerrådet om midlar for å halda kontinuitet i prosjektet Merkevere Hardanger, primært til effektar og å ha ein merkevareambassadør.

Søkjaren skriv:

Merkevare Hardanger, oppretta i 2005, er eigd av Hardangerrådet og patentverna.

Mål: Profilerer Hardangerregionen positivt, samt fremja kvalitetar særleg for regionen.

Alle i regionen, næring, offentleg, organisasjonar, kultur og arrangement skal ha høve å bruka profilen. Merkevere Hardanger skal stimulera heile regionen til å hausta meirverdi og fordeler av dette fellesskapet. Målet er at flest mogelege skal ta i bruk identiteten. Det er mange bruksmogelgheiter både digitalt og på annan måte.

Systemet er slik at dette profileringsarbeidet må prosjektfinansierast av eigarane til bate for regionidentitet og næringsutvikling i Hardanger. For å halda aktiviteten opp på eit etter kvart forventet nivå, søker Merkevere Hardanger no støtte til bestemte aktivitetar: Effektar for utdeling og merkevareambassadør.

Søknaden gjev Hardangerrådet høve til å halda eit visst trykk på Merkevere Hardanger som identitetskapande regional aktivitet i Hardanger, noko som har hatt prioritet i 10 år og trengs i nye 10 år for å nå målsetjingane. RNH har år om anna gjeve tilskot til dette arbeidet

Potensiale i dette arbeidet er viktig for den regionale identitetsutviklinga i Hardanger.

Evnen til å gjennomføre prosjektet har Hardangerrådet iks som prosjekteigar gjennom sekretariatet sitt.

Framlegg til vedtak:

1. Regionalt Næringsfond Hardangerrådet iks tilsagn om 25.000 kr i prosjektstøtte for 2015 til Merkevere Hardanger.
2. Tilsegn vert administrert av Hardangerrådet iks ved dagleg leiar.
3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjar.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ved fullført prosjekt.
5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0009 Regionalt nettverk for lokalmataktører i Hardanger
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0150 Nettverk , Bransje- og Klyngeutvikling
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.3.2 Fleire vekstkraftige verksemdar
Strategi frå Hardangerrådet: 4. Kulturbaserte næringar

B. Vurdering:

Søknaden RNH omhandlar midlar til vidareutvikling av nettverksbygging innan lokalmat med føremål å utvikla nye matprodukt og auka fokus på lokalmat som merkevare.

Søkjaren skriv:

Prosjektet er å arbeida i nettverk på tvers av kommunar, yrke og erfaring. I dag er det er eit spirande nettverk, som treng litt ressursar for å halda kontakten oppe og gjennomføra små pilotar. Dette er næringsutvikling for Hardanger og gjev grobunn for nettverk mellom produsentar av lokalmat til inspirasjon og utvikling, for kunnskap og kjennskap. Prosjektet er å arbeida i nettverk på tvers av kommunar, yrke og erfaring. I dag er det er eit spirande nettverk, som treng litt ressursar for å halda kontakten oppe og gjennomføra små pilotar. Dette er næringsutvikling for Hardanger og gjev grobunn for nettverk mellom produsentar av lokalmat til inspirasjon og utvikling, for kunnskap og kjennskap.

Prosjekt mål: Inspirera via nettverk og kunnskap til satsing på meir produksjon og vidareforedling av lokalmat i Hardanger. Me vil stimulera til utvikling av nye produkt og leggja til rette for auka fokus på merkevare og identiteten til aktørane.

Hardangermeny starta i 2003 og har vore ein suksess der lokal mat frå er Hardanger er henta fram frå produsentar til serveringsstadene. Hardangermeny er no eit eige samvirkeselskap. Denne søknaden vil styrkja eit etablert fagleg nettverk basert på lokale mataktører sine unike interesser for lokalmat. Eit viktig element i dette er no at Ulvik er godkjent som Citta Slow kommune. Av omsyn til RNH sine avgrensa midlar så tilrår eg halvparten av omsøkt sum.

Potensiale i dette prosjektet er at ein held trykk på fokuset og arbeidet med å få fram lokale nye matrettar.

Evnen til å gjennomføre prosjektet har Hardangerrådet iks som prosjekteigar gjennom sekretariatet sitt.

Framlegg til vedtak:

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Hardangerrådet iks tilsagn om 50.000 kr i prosjektstøtte for 2015 til Regionalt nettverk for lokalmatutvikling i Hardanger.
2. Tilsegn vert administrert av Hardangerrådet iks ved dagleg leiar.
3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjar.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ved fullført prosjekt.
5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0010 Etableringstøtte til Regional Næringshage
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0110 Næringshagar
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.3.3 Fleire innovative næringsmiljø
Strategi frå Hardangerrådet: 1. Nyskaping og kompetanse

B. Vurdering:

Søknaden frå Kvam næringsråd er midlar til å dekkja etableringsarbeidet for den nyetablerte Hardanger Næringshagen i Øystese, med kontor i Norheimsund og Ulvik.

Søkjaren skriv:

Næringshagen i Hardanger AS vart oppteken i SIVA sitt næringshageprogram frå 1. juli 2015 med pilotstatus i eitt år. Oppfyller vi dei målsettingar SIVA har sett opp for dette året får vi permanent opptak.

Det er store kostnader i oppstarten av næringshagen som vi ikkje får dekkja av ordinære tilskot frå SIVA og HFK. SIVA deler si støtte i innovasjons-støtte og klyngestøtte. For dette halvåret er det henholdsvis kr 200.000 og kr 100.000. For 1. halvår 2016 er summene 250.000 og 50.000.

Innovasjonsstøtte er øyremerka til bruk direkte mot målbedrifter. Det vert derfor lite att til særlege omkostningar ved oppstart. Det vert vist til budsjett som ligg på side 2 i søknaden. Så langt er kostnadane i alt vesentleg finansiert av kompensasjonsmidlar for Kvam 2014. Det kjem til å bli søkt om ytterlegare bistand her for 2015, men det er usikkert om dette vert innvilga. Prosjektansvarleg for etableringa har vor Kvam Næringsråd.

Søknaden er finansieringstøtte til det suksessfulle arbeidet med å få SIVA-godkjent ein ny Næringshage i Hardanger. Kvam Næringsråd har vore ansvarleg for dette arbeidet og søker støtte til dekning av utgiftene frå ulike aktørar. RNH har ved fleire høve gjeve støtte til å etablere ein «distribuert næringshage» for heile Hardanger via Odda Næringshage, som dessverre ikkje lukkast. Det nye initiativet frå Kvam Næringsråd har lukkast og vil skapa ein ny arena for småbedrifter og etablerarar i regionen. Eg tilrår å gi midlar til dette , men på grunn av avgrensa midlar i RNH tilrår eg 75.000 kr av omsøkte 100.000 kr

Potensiale i dette arbeidet er å gje ein arena for fellesskap og samhandling mellom småbedrifter og etablerarar i regionen.

Evnen til å gjennomføre prosjektet har Kvam Næringsråd vist ved å gjennomføre etableringa.

Framlegg til vedtak:

1. Regionalt Næringsfond Kvam Næringsråd tilsagn om 75.000 kr i prosjektstøtte for 2015 til Etableringstøtte til regional næringshage.
2. Tilsegn vert administrert av Kvam Næringsråd ved dagleg leiar.
3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjar.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ved fullført prosjekt.
5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0011 Næringstilskot Hardanger Eple AS
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0300 Etableringstøtte til bedrifter yne enn 5 år.
Prioritet frå RNP/Hfk: 7.6 Landbruk
Strategi frå Hardangerrådet: 3. Landbruksbasert bygdeutvikling

B. Vurdering:

Søknaden frå Hardanger Eple AS er midlar til å starta opp med eplemost på flasker og kartongar med marknad i Sør Noreg.

Søkjaren skriv:

Hardanger Eple AS er ei nystarta verksemd av to brødre på Sekse som frå inneverande sesong basert på lokal frukt vil produsera eplemost for salg til restauranter, overnattings og annen næringsvirksomhet. I oppstartsfase vil me satsa fleire stader i Sør Norge, herunder nokre av dei største byane (Bergen, Stavanger og Haugesund). Me vil ha fokus på historie og tradisjonar som framhevar positive kjerneverdier frå vårt lokal område i Sørfjorden (herunder det særeigne klimaet for fruktdyrking). Me kjem til å tilby eplemost på flasker og kartonger. Vårt mål er bruk av Hardanger som merkevare. Oppstart vil krevja betydelige investeringar for produksjonsutstyr, samt eigeninnsats iform av innreiing av næringslokale i eksisterande driftsbygning på garden vår på Sekse. Dette vert gjort for å etablere ei verksemd med fokus på kvalitet, orden og reinhald i henhold til retningslinjer frå mattilsyn. Frå inneverande haust når me startar produksjon kjem Hardanger Eple AS til å ha 2 personar som arbeider deltid i verksemda. Itillegg til dette kan det også bli aktuelt med innleige av sesongarbeid. Innen ein periode på nokre år ser me for oss 2 minimum heiltids stillingar, samt innleige av sesongarbeid.

Søknaden er støtte til investeringar i utstyr og innreiing. Dette er føremål som fell utanfor RNH sine retningslinjer. Av omsyn til dei mange lokale tilbydarane av eplemost i Hardanger vil også tilskot vera konkurransevridane.

Potensiale i dette arbeidet er å få betre inntektsgrunnlag i eige gardsdrift og spreia god eplemost i Sør Noreg som god marknadsføring av Hardanger

Evnen til å gjennomføre prosjektet vil vera tilstades med produksjonskompetanse og marknadskompetanse.

Framlegg til vedtak:

Regionalt Næringsfond Hardanger gjev søknaden frå Hardanger Eple AS avslag. Grunngevinga av at dette søknaden er midlar til investering i driftsmidlar. Dette føremålet tilfredsstillar ikkje retningslinjene til RNH.

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0013 Søknad om tilskudd til utstyr for kursing
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0200 Etableringstøtte til bedrifter endre enn 5 år.
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.3.2 Fleire vekstkraftige verksemdar
Strategi frå Hardangerrådet: 1. Nyskaping og kompetanse

B. Vurdering:

Søknaden frå Kalaas konsult gjeld midlar til markandsføring og investering i utstyr i samband med tilpassa opplæring i førstehjelp og brannvern for kommunar og verksemdar i Hardanger. Kalsaas konsult er et enkeltmannsforetak som ønsker å formidle kunnskap om førstehjelp og brannvern.

Søkjaren skriv:

Vi har holdt en del kurs i Granvin og Ulvik i førstehjelp og brannvern. Vi har fått meget gode tilbakemeldinger fra kursdeltagerene. Vi ønsker å forsøke å investere i mer utstyr for å kunne forene teori og praksis på en enda bedre måte. Forskning viser at den beste læremetoden er å kombinere teori med praksis. Vi ønsker derfor å ha en del teori, med praktiske øvelser på det som er gjennomgått i teori delen. Dette vil vi gjøre med "Anne" dukker og diverse sår simuleringer på førstehjelpsbiten, og med eget slukkekar, hvor deltagerene får bruke diverse håndapparater for å slukke brann i et eget slukkekar. Vi ønsker også å tilby opplæring i hjertestarter.

Som min med instruktør bruker jeg Norunn Bidne som er fagarbeider i ambulanseslag. Vi er begge godkjente hjertestarter instruktører hos Norsk restitusjonsråd. Vi har i tillegg til sammen over 25 årserfaring fra Granvin Brannvesen meste parten av tiden som utrykningsledere og røykdykkere.

For å gjøre kursene så interessante som mulig, lager vi vårt eget kurskompendie, tilpasset kursdeltagerene. Har vi f. eks kurs i barnehage, blir hovedvekten avkurset lagt på førstehjelp rettet mot barn, men også en del mot generell førstehjelp, og basal hjerte lunge redning. Innen brann blir det fokusert en del på slukke metoder, evakuering og rutiner ved evakuering, men også den daglige forebyggende delen, med avviks rapporter og øvelser.

Vi har holdt en del kurs i Granvin og Ulvik, og har fått veldig gode tilbakemeldinger, om at vi snakker et språk som de forstår. Vi legger mye arbeid i å tilpasse kurset til deltagerene og deres arbeidsplass.

Søknaden er primært retta mot utstyr til brannvernopplæring og førstehjelp. Dette er å forstå som investering i verksemda og fell utanfor tilskot i retningslinene for RNH. Det kan gjevast midlar til marknadsføring og promotering, men i denne søknaden er målgruppene lokale og kan nås direkte. Av omsyn til avgrensa midlar i RNH, tilrår eg avslag.

Potensiale i dette arbeidet er å skapa inntekter i eige verksemd og auka kompetanse i brannvern og førstehjelp i Hardanger.

Evnen til å gjennomføre prosjektet vil vera tilstades med den kompetansen Ørjan Kalaas og Norunn Bidne har.

Framlegg til vedtak:

Regionalt Næringsfond Hardanger gje søknaden frå Kalaas konsult om tilskot til utstyr til kursing avslag. Grunngevinga er at RNH har avgrensa midlar og at denne søknaden primært er til investering som fell utanfor retningslinene til RNH..

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0014 Ungt Entreprenørskap Hardanger 2015

Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0350 Entreprenørskap i grunn- og vidaregåande skule

Prioritet frå RUP/Hfk: 4.3.1 Fleire gode grunderar

Strategi frå Hardangerrådet: 1. Nyskaping og kompetanse

B. Vurdering:

Søknaden frå Ungt Entreprenørskap 2015 er vidareføring av ein 3 årig prosjektsøknad som gjeld 2014-2016. Prosjektet har vore finansiert med mellom anna 700.000 kr frå Regionalt Næringsfond der 560.000 kr var Øyremerka midlar og fekk også 200.000 kr i 2013 frå RNH. I vedtaket til RNH i 2013 stod det følgjande: «...med føresetnader om vidare medfinansiering etter søknad i 2014 og 2015 og 2016.» UE Hardanger fekk 200.000 kr i 2014 og søker no med bakgrunn i dette 200.000 kr for 2015.

Søkjaren skriv:

Ungt Entreprenørskap (UE) er den eineste landsdekkjande organisasjonen i Noreg som arbeider med entreprenørskap gjennom heile utdanningsløpet. UE er ein ideell organisasjon som vart stifta i 1997. UE Norge er del av eit verdsomspennande nettverk gjennom Junior Achievement - Young Enterprise Europe, og Junior Achievement Worldwide. Ungt Entreprenørskap i Hardanger vart etablert som eit prosjekt i 2010 av NHO og UE Hordaland saman med Næringshagen i Odda. Ullensvang og Odda hadde en partnerskapsavtale med UE i utgangspunktet, og etter kvart har no alle Hardangerkommunane teikna avtale. Forankringa i den enkelte kommune og ute på skulane har vore eit sterkt fokus, og i Kvam og Odda er det bestemt administrativt at alle skulane skal delta på UE sine program.

UE Hardanger var i utgangspunktet eit toårig prosjekt fram til våren 2016. Med kommuneavtalar fram til våren 2017 samt ein stor auke både i deltakande skular og etterspurde program, er det grunnlag for å fortsetje og utvide prosjektet vidare. Prosjektleiartillinga er auka frå 50% til 60%.

Eg tilrår i tråd med intensjonen å gje 200.000 kr i tilskot for 2015. Sidan RNH vert avvika i 2015 så tilrår eg også å gje prosjektet 200.000 kr for 2016, avsett som øyremerka midlar via Hardangerrådet.

Potensiale i dette prosjektet er stort og viktig for regionen, og arbeidet bør absolutt halda fram inkludert Kvam herad. Men finansieringa er ei utfordring sidan det inneheld så stor grad støtte frå RNH. Eg vil tru at slik goodwill dette arbeidet no har i regionen, kan ein forventa vidare økonomisk medverknad frå skulane i regionen.

Evne til å gjennomføre prosjektet har Næringshagen i Odda vist ved mange høve, og når prosjektet er finansiert er det i gode hender.

Framlegg til vedtak:

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Ungt Entreprenørskap Hardanger tilsagn om 400.000 kr til arbeid med entreprenørskap i grunnskulane i Hardanger i 2015 og 2016 i tråd med føresetnadane frå 2013. Dei 200.000 kr for 2016 vert overførte som øyremerka midlar til Hardangerrådet iks.
2. Tilsegn vert administrert av Næringshagen i Odda ved Marie Opheim.
3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjar.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport for skuleåret ligga føre.
5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.

7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0015 Hardanger og Voss Museum Visjonsdokument

Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0200 Etableringstøtte til bedrifter endre enn 5 år.
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.3.2 Fleire vekstkraftige verksemder
Strategi frå Hardangerrådet: 3. Reiseliv

B. Vurdering:

Søknaden frå Hardanger og Voss museum gjeld utviklinga av eit visjonsdokument for dei neste 30 års drift.

Søkjaren skriv:

På nabotomta i Norheimsund er det no ledig eit bygg som Kvam kommune har regulert til museumsformål. Tomta er svært viktig for senteret i høve til parkering for gjester og vidare vekst. Det er interesse for å utvide tilbodet ved museet til å verte eit samferdslemuseum med båtar, bilar/bussar og ferjer som hovudsatsingsområde. I tillegg satsar museet på å vere eit aktivitetssenter der gjestane kan få ta del i å lage egne tau, trebåtar, sigla og anna. Restaureringsverksemda ved Hardanger fartøyvernssenter har i dag for lite lagerkapasitet og treng nye fasilitetar til dette og til eit nasjonalt delelager. I tillegg er det ønskeleg å flytte all publikumsretta aktivitet ned på bakkeplan frå noverande 2. etasje som i dag huser kafè og filmsal. Hardanger og Voss museum treng såleis å ta fatt på arbeidet med å lage eit visjonsdokument for Hardanger fartøyvernssenter, der me ser på kva senteret og området skal utvikle seg til dei neste 30 åra. Museet skal vera ein arena for spanande og aktiv læring og oppleving og me ynskjer å bygge på Vitensentermodellen – «læra gjennom å gjera». Me vil difor utvikle eit visjonsdokument for kva Hardanger fartøyvernssenter skal vere om 30 nye år. Me søker såleis om 350.000,- kroner til dette prosjektet, som skal dekke utgifter til arkitekt, seminar/reise og egne timar. Visjonsdokumentet vil vera grunnlag for vidare finansiering og utvikling.

Søknaden er støtte til prosjektutgifter som kjøp av tenester, reiser og egne kostnader. All finansiering unntatt eigeninnsats, 350.000 kr, er omsøkt RNH.

HVM er ei stor og viktig verksemd i Hardanger som ser langt og ønskjer planleggja framtida. Dette er gode intensjonar. Av omsyn til avgrensa midlar RNH og stor kapitalforventning tilrår eg avslag.

Potensiale i dette arbeidet er å skapa inntekter i eige verksemd og utvikling for Hardanger.

Evnen til å gjennomføre prosjektet vil vera tilstades med den kompetansen i HVM, men prosjektet vert ikkje sett i gang utan fullfinansiering frå RNH, og det tilfredstiller ikkje retningslinene i RNH.

Framlegg til vedtak:

Regionalt Næringsfond Hardanger gje søknaden om tilskot til Visjonsdokument frå Hardanger og Voss Museum avslag. Grunngevinga er at RNH har avgrensa midlar og at denne søknaden ikkje når opp i prioriteringane.

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0016 Terra Madre Hardanger 2015

Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0150 Nettverk , Bransje- og Klyngeutvikling

Prioritet frå RNP/Hfk: 4.3.2 Fleire vekstkraftige verksemder

Strategi frå Hardangerrådet: 4. Kulturbaserte næringar

B. Vurdering:

Søknaden Slow Food hardanger omhandlar midlar til eit arrangement med tittelen «Terra Madre Hardanger. Terra Madre Hardanger vil samla produsentar frå regionen, aktørar frå reiseliv og landbruksnæringa og næringslivet elles, aktørar frå forvaltninga, forbrukarar, og Slow Food-medlemmer frå heile landet.

Søkjaren skriv:

Etter modell frå Terra Madre og Salone del Gusto i Torino Italia, ynskjer me å skipa til ein lokal Terra Madre i Hardanger. Terra Madre Hardanger skal vera ein møteplass og eit utstillingsvindaug der me ynskjer å setja fokus på matidentitet i eigen region. Hardanger vil syna seg fram for Hardanger og for omverda.

Me vil arrangera Terra Madre Hardanger i Ulvik 26. – 28.juni 2015, og ynskjer å leggja det til Hjeltnes vidaregåande skule. Hjeltnes vidaregåande skule har ei lang historie som ein grøn skule som har arbeidd med produksjon av lokale råvarer. Dei er no inne i ein prosess der dei arbeider med å oppretta eit fagskuletilbod i nordisk gastronomi, der Slow Food Hardanger har vore sentrale på innspelssida.

Terra Madre Hardanger vil samla produsentar frå regionen, aktørar frå reiseliv og landbruksnæringa og næringslivet elles, aktørar frå forvaltninga, forbrukarar, og Slow Food-medlemmer frå heile landet. Terra Madre Hardanger vil ha eit program som består av føredrag, smaksverkstadar, seminar møteforum for produsentar og bransjeaktørar, debattar, utstilling og marknad. Målet er å auka kunnskapen i alle ledd om matidentitet i eigen region, samt å synleggjera gastronomi som ei kreativ næring. Dette ynskjer me å gjera både gjennom å syna fram mattradisjonar i Hardanger i nær fortid og å visa det mangfaldet som finst og den utviklinga som skjer på matfronten i Hardanger i dag.

Hardangerrådet handsama denne saka 15.01.2015 med slikt vedtak:

- 1. Hardangerrådet iks er positiv til at Slow Food Hardanger er revitalisert og satsar på å vera aktive i Hardanger. Hardangerrådet iks tilbyr forskottering av 100.000 kr til Arrangementet Terra Madre Hardanger hausten 2015.*
- 2. Hardangerrådet iks forventar at Slow Food Hardanger søker Regionalt Næringsfond Hardanger om midlar for 2015 og at 100.000 kr vert refundert til Hardangerrådet iks. Løyvinga føreset at prosjektet vert gjennomført.*
- 3. Hardangerrådet iks forventar at SlowFood Hardanger marknadsfører dette gode arbeidet i regionen og i landet.*

Potensiale i dette prosjektet er at ein utviklar Hardanger som matregion med fokus på sunn og kortreist mat for innbyggjarar og den nye trenden for turistar.

Evnen til å gjennomføre prosjektet har Slow Food Hardanger erfaring med som prosjekteigar gjennom styret sitt..

Framlegg til vedtak:

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Slow Food Hardanger iks tilsagn om 100.000 kr i prosjektstøtte for 2015 til arrangementet Terra Madre Hardanger 2015.
2. Tilsegn vert administrert av Hardanger Slow Food ved Jorid Lekve Eide.
3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjar.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ved fullført prosjekt.

5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjettrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0018 Cyanamiden klatresenter - Odda
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KRD: 0710 Stadsutvikling
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.3.4 Meir entreprenørskap og innovasjon
Strategi frå Hardangerrådet: 5. Reiseliv

B. Vurdering:

Søknaden frå Trolltunga Climbing Adventures AS gjeld eit forprosjekt for å planleggja og kalkulera ein klatrepark på Cyanamisen. Prosjektet har som mål å utarbeida eit totalkonsept for ein klatrehall i Cyanamiden. Cyanamiden består mange bygg, dette prosjektet tar i hovudsak for seg gjenbruk av siloen som ble sett opp på Odda Smelteverk i 1906-08. Bygget er eit av dei eldste og mest markante av bygga som inngår i fredningsplanen for Odda Smelteverk. Siloen ligger midt i Odda sentrum, rett bak gågata.

Søkjaren skriv:

Trolltunga Climbing Adventures AS ble opprettet i 2015 med mål om å få på plass en ny attraksjon og aktivitetsskaper i Odda sentrum. Prosjektet "Cyanamiden Klatresenter" er i en tidlig fase, vi jobber med å sette sammen et totalkonsept som skal gi et løft for hele regionen. Fokus: helårsturisme, regionsenterutvikling, byutvikling, økt attraktivitet og aktivitet. Det er lagt opp til at forprosjektet skal være i havn første halvår 2016. Mål: solid utarbeidet konsept og finansiering for realisering. Isklatrehall er et fyrtårn som ikke finnes fra før i Norden. Sammen med di andre aktivitetene som viser på i totalkonseptet vil vi få et tilbud som det ikke finnes maken til. Med et slik konsept til vi øke kundegrunnlaget til å innbefatte brukere i alle aldrer med ulike typer ferdigheter. Et besøk i klatrehallen skal gi opplevelse for alle, enten som deltager eller som tilskuer til aktivitet. Dette gir oss et kundegrunnlag som er større enn det som forprosjektet viser til. Klatresporten er på frammarsj- vi treffer ei nisje som er lite utbygd både geografisk nærliggende og i et nasjonal perspektiv.

Prosjektmål

- Videreutvikle ideen og utarbeide prosjektet til en salgbar pakke.*
- Se på ulike støtteordninger offentlig /fond/stiftelse/etc.*
- Kartlegge interesser hos potensielle investorer.*
- Få til en komplett finansiering av prosjektet og klargjøre prosjektet til detaljprosjektering.*

Søknaden fortel om nye spennande prosjekt i Odda som regionsenter med den driftige gründeren Jostein Soldal. Me bakgrunn i prioritering av avgrensa midlane i RNH og høg tilskotsprosent tilrår eg å gje tilsegn på 75.000 kr. Då er tilskot og eigenkapital begge 50 %.

Potensiale i dette prosjektet er at ein vidareutviklar Odda som regionsenter og som reisemål for spennande og attraktive opplevingar med regional attraksjonskraft.

Evnen til å gjennomføre prosjektet har Jostein Soldal vist med tyngde i andre suksessfulle etableringar

Framlegg til vedtak:

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Trolltunga Climbing Adventures AS tilsagn om 75.000 kr i prosjektstøtte for 2015 til prosjektet Cyanamiden klatresenter - Odda
2. Tilsegn vert administrert av Trolltunga Climbing Adventures AS ved Jostein Soldal.
3. 50 % av tilskottet kan utbetalast når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjar.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ved fullført prosjekt.
5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.

7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0019 Oppfølging Stadanalyse Vikebygd

Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0710 Stadutvikling
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.3.4 Meir entreprenørskap og innovasjon
Strategi frå Hardangerrådet: 3. Landbruksbasert bygdeutvikling

B. Vurdering:

Søknaden frå Vikebygd Landskapsark er midlar til oppfølging av ein staaanalyse som gav grunnlag for tiltak og investeringar for å utvikla lokalsamfunna i Ullensvang Vest.

Søkjaren skriv:

VL ynskjer å vere ein motor for vekst og utvikling på vestsida av Sørfjorden, med reiseliv, landbruk og kultur i spissen. Vi har arbeidd med mange store saker den siste tida, mellom anna har vi fått på plass ein stadanalyse, og vi har konsentrert oss om heile strekninga Fv550 frå Odda via Utne og til Jondal i eit eige prosjekt. Vi søker no om støtte for å følgje opp stadanalysen med gode og næringsretta tiltak.

Aktivitetar er

-Arbeid med fysiske møteplassar: Biblioteket på Åkre og Bygdahallen. Meir tilrettelegging for variert bruk.

- Forskjønning av Nå sentrum, 2-3 tiltak.

- Nettverk, kurs og kompetanse innan næringsutvikling og drift av eigen verksemd. Næringsutvikling innan reiseliv, landbruk og kultur. Skape møteplassar mellom dei ulike aktørane og bidra til nytt samarbeid.

- Planarbeid: Styret vil følgje opp relevante planar i heradet med høyringsuttaler med "peikarar" til stadanalysen.

Søknaden fortel om eit lokalsamfunn som tek ta i eigne utfordringar og som over lengre tid ha hatt organisert arbeid til beste for trivsel for innbyggjarar og tilreisande. Prosjektet er hovudsakleg investeringar, men også noko til marknadsføring og utviklingsarbeid. Med bakgrunn i høg tilskotsprosent tilrår eg å gje tilsegn på 25.000 kr til prosjekte

Potensiale i dette prosjektet er at klart stabilisering av busetnaden i Ullensvang vest.

Evnen til å gjennomføre prosjektet har Vikebygd Landskapsark vist med tyngde i andre suksessfulle tiltak.

Framlegg til vedtak:

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Vikebygd landskapsark tilsagn om 25.000 kr i prosjektstøtte for 2015 til marknadsføring og koordinering i prosjektet oppfølging av Stadanalyse.
2. Tilsegna vert administrert av Vikebygd Landskapsark ved Liv Eirill Evensen, Næringshagen i Odda.
3. Tilskottet kan utbetalast når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjar.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ved fullført prosjekt.
5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0020 Hermine – Verksemd under etablering
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KRD: 0300 Etablerarstøtte
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.3.4 Tidlegfasebedrifter med risiko
Strategi frå Hardangerrådet: 2. Industri og internasjonalisering

B. Vurdering:

Søknaden frå Hermine – verksemd under etablering- er midlar til å greia ut bedriftsideen, førebu og testa ut ei importbedrift i samband med Helping Hands i Myanmar.

Søkjaren skriv:

Møte med produkt frå Helping Hands i Myanmar gjennom nettverket til ei av initiativtakarane til Hermine, Anette Hjeltnes, sette i gong arbeidet med Hermine. Helping Hands er eit produksjonskollektiv som syr ulike kvalitetsprodukt der tradisjon og moderne design vert kopla saman. Produkta vert i dag selde på ein innanlandsmarknad gjennom Pomelo som driv etisk handel på non-profitbasis retta mot turistmarknaden i Myanmar. Myanmar er eit av dei landa som vert prioritert i frå norske mynde og av Innovasjon Norge. Ein næringslivsdelegasjon med Innovasjon Norge som arrangør, var i Myanmar i desember 2014. For gründerane av Hermine er ei av drivkreftene å få i gong ei verksemd som driv med samfunnsansvarleg og etisk forretningsdrift. Siktemålet er å skape arbeidsplasser både for oss sjølv og for andre.

Søknaden fortel om eit internasjonalt engasjement og er eit godt initiativ. Med bakgrunn i kostnadsbiletet for denne selskapsetableringa, søkndsaprioriteringa og dei avgrensa og bundne midlane RNH serråd over tilrår eg avslag.

Potensiale i dette prosjektet er etablering av ei ny internasjonal verksemd i Hardanger med fokus på sal av importvarer.

Evnen til å gjennomføre prosjektet har har gründerane dei beste førestnader.

Framlegg til vedtak:

Regionalt Næringsfond Hardanger gjev søknaden frå Hermine – verksemd under etablering-avslag. Grunngevinga er at RNH har avgrensa midlar og dette føremålet når ikkje opp i prioriteringane mellom søkjarane.

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0022 Støtte til Hjemkjøp av MS Lindenes
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KRD: 0300 Etablerarstøtte
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.3.4 Tidlegfasebedrifter med risiko
Strategi frå Hardangerrådet: 5. Reiseliv

B. Vurdering:

Søknaden frå MS Lindenes AS gjeld midlar til å dekkja private lån for kjøp av båten Lindenes i Odda kommune.

Søkjaren skriv:

Seks privatpersoner fra Odda tok våren 2015 opp privat lån for å kjøpe tilbake "Zinkskøyto" til Odda. Lånet er på kr 700.000,- kjøpesummen var kr 650.000,- Så raskt kjøpesum med kostnader er slettet vil eierskap og drift av båten bli overført til stiftelsen MS Lindenes. Målet for initiativtakerne er at befolkningen i Odda, Sørfjorden og Hardanger for øvrig skal stå bak stiftelsen. Båten skal tilhøre "folket". Nyttårsaften 1976 gikk MS Lindenes sin siste tur over havnebassenget via kaien på Egne Hjem til Zinken med retur til sin faste kaiplass i Odda. Med dette var en era med nesten 50 års båttransport av skiftarbeidere til og fra zinkfabrikken på Eitrheimsneset over. Initiativtakerne i Odda har opprettet selskapet MS Lindenes AS som kjøper av MS Lindenes, og samme gjeng har opptatt banklån på kr 700.000,- for å kunne sikre seg båten. Meningen er at det skal etableres en stiftelse for MS Lindenes, og at aksjeselskapet da vil overføre eierskap og drift til denne stiftelsen. Odda vil selvsagt bli hjemmehavn.

Søknaden fortel om eit flott initiativ og ei spenstig privat satsing. Søknaden gjeld støtte til investering og det er ikkje i tråd med retningslinene i RNH, sølv om det skal verta stifting.

Potensiale i dette prosjektet er etablering av fjordtilbod til hardingar og tilreisande.

Evnen til å gjennomføre prosjektet verkar det som om dei initiativrike eigarane har.

Framlegg til vedtak:

Regionalt Næringsfond Hardanger gjev søknaden frå MS Lindenes AS avslag. Grunngevinga er at støtte til investering fell utanfor retningslinene til RNH.

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0024 Innovasjon og medverknad i offentleg sektor
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0300 Etablerarstøtte
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.3.4 Tidlegfasebedrifter med risiko
Strategi frå Hardangerrådet: 1. Nyskaping og kompetanse

B. Vurdering:

Søknaden frå Din stil ved Liv Jorunn Solstad, Voss, gjeld å etablera eit firma som skal inspirera kommunal sektor til innovasjon og utvikling.

Søkjaren skriv:

Det er eit stort behov for innovasjon og nytenking i offentleg sektor. Gjennom tre ulike utviklingsprosjekt i kommunal sektor, har me utforska og forska på kva som hemmar og kva som fremjar arbeidslyst, ansvarskjensle, kreativitet og nyskaping. Eg har også skriva ei masteroppgåve i samfunnsarbeid om temaet der eg gjorde interessante funn og kva som hemmar og kva som fremjar deltaking i kommunal sektor.

IDE: Gjennomføre eit pilotprosjekt som inneheld ein dialogkonferanse og eit undervisningsopplegg med deltakarar frå kommunal sektor i kommunane i hardanger.

FORMÅL: Auka kunnskap om vilkår for innovasjon, deltaking og samhandling i kommunal sektor.

Søknaden knyter seg til opplæring i offentleg sektor. Her er mange tilbydarar og alternative samarbeidspartar for søkjaren. Søknaden gjeld støtte til eit pilotprosjekt med hovudvekt på eige løn. Innan for avgrensa midlar i RNH vert dette tiltaket ikkje tilrådd prioritert. Eit anna moment er at søkjaren er busett i Voss kommune, men sjølv sagt vil Hardangerkommunane kunna nytta seg av tilbodet hennar.

Potensiale i dette prosjektet er etablering av kurstilbod til kommunane i Noreg.

Evnen til å gjennomføre prosjektet verkar det som om søkjar har med si innsikt i behova gjennom ei masteroppgåve.

Framlegg til vedtak:

Regionalt Næringsfond Hardanger gjev søknaden frå Din Stil om støtte til pilotprosjekt avslag. Grunngevinga er at søkjaren ikkje er heimehøyrande i Hardanger og med avgrensa midlar i RNH når denne søknaden ikkje opp i prioritet.

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0029 Dyrk Smart III

Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KRD: 0150 Nettverk-, bransje- og klyngeutvikling
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.3.2 Fleire vekstkraftige verksemder og Landbruk
Strategi frå Hardangerrådet: 3 Landbruksbasert bygdeutvikling

B. Vurdering:

Søknaden gjeld tilskot til tredje og sist året i prosjektet Dyrk Smart som har som målsetjing å dubla fruktproduksjonen i Hardanger. Prosjektet har brei støtte i heile Hardanger og leverer resultat i trå med prosjektpånen.

Søkjaren skriv:

Vi søker med dette om NOK 100 000 til DyrkSmart.

Prosjektet vart i fjor tildelt NOK 100 000. DyrkSmart omfattar alle fruktprodusentane i Hardanger som er med i Hardanger Fjordfrukt, Ullensvang Fruktlager og Nå Fruktlager (kom med i 2013). For meir detaljer syner vi til vedlagde prosjektpånen. Det er oppretta ein forpliktande avtale mellom partane som gjev Hardanger Fjordfrukt fullmakt til å føra rekneskap og søkja om midlar på vegne av prosjektet.

Prosjektet er planlagt over 3 år. Styringsgruppa har , med utgangspunkt i resterande aktivitetar, utsett sluttdato til 31.12.2015.

Prosjektet har hatt utfordringar m.o.p. finansiering. Dette ser no ut til å løysa seg ved at Sparebanken Vest har tildelt NOK 350 000 for 2015. Fortsatt støtte frå Regionalt næringsfond Hardanger vil vera med på å letta finansieringa ytterlegare.

Vi søker difor om støtte på NOK 100 000 for 2015.

RNH har støtta prosjektet heile vegen. Dyrk Smart er eit utvida 3årig prosjekt 2012-2015 og har i finansieringspånen sin totalt 450.000 kr i støtte frå RNH. Dei fekk 150.000 kr i 2012 og 100.000 kr i 2013 , nye 100 for 2014 og søker om nye 100 i 2015 som siste året i prosjektet. Dette er eit svært viktig arbeid for framtida for fruktnæringa i Hardanger, og eg tilrår å støtta prosjektet med nye 100.000 kr i 2015.

Potensiale i dette prosjektet er avgjerande for ei moderne , aktiv og attraktiv fruktnæring i Hardanger.

Evnen til å gjennomføre prosjektet er med Sjur Ove Svartveit og Magnus Opedal i dei beste hender.

Framlegg til vedtak:

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Dyrk Smart ved Hardanger Fjordfrukt tilsagn om 100.000 kr i prosjektstøtte for 2015.
2. Tilsegn vert administrert av Hardanger Fjordfrukt ved Sjur Ove Svartveit.
3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjar.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ved fullført prosjekt.
5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0030 Pilegrimsmålet Røldal mot nye høyder
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap.
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.3.2 Fleire vekstkraftige verksemder
Strategi frå Hardangerrådet: 5 Reiseliv

B. Vurdering:

Søknaden gjeld tilskot til Utvikling av tilbodet ved dagens Pilegrimssenter i Røldal. Ved omlegging av E 134 vil senteret førebu seg på å vera synleg og attraktiv som besøksmål og kulturbærar. Senteret vil opprusta pilgrimstiar, auka nettilgangen og styrkja næringsgrunnlaget i bygda.

Søkjaren skriv:

Prosjektet har som mål å øke kvaliteten på pilegrimsvandringene til Røldal, øke synligheten og attraktiviteten av pilegrimsvandringene, og bidra til å bygge opp pilegrimsmålet Røldal som en viktig grunn til å besøke Røldal når E 134 legges utenom bygda. Pilegrimsvandringene til Røldal har pågått i mange hundre år, og i moderne tid blitt gjenopptatt som organiserte vandringer fra alle himmelretninger og i varierende lengder. Med det autentiske krusifikset og den hovedsaklig opprinnelige stavkirken fra 1200-tallet, kombinert med naturskjønne vandreveier ligger forholdene godt til rette for å utvikle produkter og opplevelser for tilreisende pilegrimer og øvrige turister. Prosjektet har følgende hovedoppgaver:

HA 1 - Infrastruktur og informasjon

Identifisere, tilpasse og kvalitetssikre pilegrimsveiene til Røldal.

HA 2 - Synlighet og attraktivitet

Gjennom bruk av eksisterende nettsider, eventuelt opprettelse av ny portal og innsamling av informasjon fra eksisterende og nye aktører innen organisert vandringer til Røldal, skal prosjektet øke det digitale fotavtrykket til pilegrimsvandringene.

HA 3 - Grunnlag for næring

Produkter og opplevelser med god kvalitet og høy oppmerksomhet gir grunnlag for næring. Røldal står ovenfor en formidabel utfordring i forbindelse med fremtidig omlegging av E 134 utenom bygda.

Prosjektet set i gang eit viktig arbeid for Røldal, men finansieringa er for einsidig i konkurranse med dei mange søknadane til RNH 2015.

Søknaden frå Røldal Reiselivslag er på 300.000 kr og forventar all ekstern finansiering frå RNH. Dei andre 50 % er eigeninnsats. Eit større spleiselag ville vore meir realisme i og truleg vert prosjektet ikkje sett i gang utan 300.000 kr frå RNH.

Potensiale i dette prosjektet er viktig for framtida for Røldalsbygda ved omlegging av E 134.

Evnen til å gjennomføre prosjektet er tillitsvekkjande gjennom Røldal Reiselivslag.

Framlegg til vedtak:

Regionalt Næringsfond Hardanger gjev søknaden frå Røldal Reiselivslag om støtte til utvikling av Pilegrimsmålet Røldal avslag. Grunngevinga er at RNH har avgrensa midlar og at denne søknaden når ikkje opp i prioriteringane mellom søkjarane.

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0031 Stiftinga Messen
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 150 Nettverk t bransje og knyng eutvikling
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.3.4. Meir entreprenøskap og innvasjon
Strategi frå Hardangerrådet: 4. Kulturbaserte næringar

B. Vurdering:

Søknaden gjeld tilskot til Utvikling av tilbodet ved Messen Kunst og Kulturhus i Ålvik. Søkjaren er Stiftinga Messen som har ansvaret for bygg og eigedom. Søknaden omfattar midlar til nødvendig oppgradering av bygget.

Søkjaren skriv:

Stiftinga Messen Kunst- og Kulturhus fekk kjøpe det staselege gamle administrasjonsbygget i Ålvik, ved årsskifte 2012/2013, til kunst og kulturføremål, med støtte frå Hordaland fylke, Kvam herad og Hardangerrådet. Stiftinga si oppgåve er å ta vare på og oppgradere bygget til føremål som er nedfelt i vedtektene for Stiftinga og dei krava som fylgde den økonomiske støtta til kjøp av eigedomen. Føremåla er å vera ansvarleg eigar og til rette leggje bygget for organisasjonen Kunstnarhuset Messen.

Innan varme, elektriske installasjonar, ventilasjon, og utvendig og innvendig oppgradering treng bygget eit større løft. For å kunne fullt ut nytte kapasiteten til å ta imot opp til 10 gjestekunstnarar samtidig treng me å installere eit nytt bad med dusj. Slik det er no med berre eit lite bad med dusj må me avgrensa antal kunstnarar som kan bu her samtidig til halvparten. Med omsyn til den økonomiske drifta av huset er det stort behov for energiokonomisering. Stiftinga har invitert fleire bedrifter til å gå gjennom huset og kome med forslag på løysingar med prisoverslag på ulike område. Ventilasjon i avdelinga for maling og grafikk er også naudsynt. Me har også her hatt fagfolk på besøk og gitt råd og prisoverslag. Me har sett opp ei liste over oppgraderingane. Pr idag har me fått gjennomført pålegg frå Kvam Krafverket, mellom anna med ny hovudtavle. Me har gjennom våren hatt store dugnadar på skraping og maling av vindaugo utvendig.

Søknaden gjeld investeringar og det føremålet fell utanfor retningslinene til RNH.

Potensiale i dette oppgraderingsarbeidet er avgjerande for eit framtidig funksjonslet bygg.

Evnen til å gjennomføre prosjektet har Stiftinga vist å ha.

Framlegg til vedtak:

Regionalt Næringsfond Hardanger gjev søknaden Stiftinga Messen Kunst og Kulturhus om støtte til oppgradering i huset avslag. Grunngevinga er at søknaden gjeld støtte til investering og det fell utanfor retningslinene til RNH.

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0032 Infrastruktur for ladestasjonar i Hardanger
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 530 Transportinfrastruktur

Prioritet frå RNP/Hfk: 4.5.3 Sikra at infrastrukturen er tilpassa næringslivet behov

Strategi frå Hardangerrådet: Ikkje tilpassa-

B. Vurdering:

Søknaden gjeld tilskot til å etablera hurtigladestasjonar i Jondal, Kinsarvik, Ulvik og Eidfjord. Søkjaren skriv:

Oppfølging av nasjonalt mål om fleire som skal bruka elbilar.

Prosjekt målet er å leggja til rette for at fleire kan bruka elbil regionalt mellom kommunar og at personar som skal til Hardanger ønskjer og kan bruka elbilen sin.

Søknaden er forankra i styrevedtak i Hardanger Energi om å bidra til fleire hurtigladestasjonar saman med andre aktørar, som fylkeskommunen, Enova (tidlegare Transnova), kommunar og lokalt næringsliv. Hardanger Energi AS er eit interkommunalt aksjeselskap eigd av fire kommunar som driv med produksjon, omsetning og overføring av kraft i fem Hardangerkommunar. Etter oppmoding frå lokalt næringsliv har Hardanger Energi AS sendt søknad til Hordaland

Fylkeskommune om stønad til etablering av hurtigladestasjonar i Jondal, Kinsarvik, Ulvik og Eidfjord. Totalt er desse hurtigladestasjonane kostnadsrekna til kr 2.188.710,- der det vert søkt om offentleg støtte på 1 million frå Hordaland Fylkeskommune. Resterande del må finansierast av næringsliv lokalt i samarbeid med kommunane.

Søknaden er sendt til Hardangerrådet v/ regionalt næringsfond fordi dette er eit tiltak som har ein regional effekt. Det er ein nasjonal målsetjing om at fleire av dei fossile bilane skal verta erstatta med elbilar og det er gitt støtteordningar gjennom avgiftsfritak og andre goder for å få fleire til å nytta elbilar i dagleg bruk. Men elbilane har ei avgrensa rekkevidde, og i tillegg til ladinga dei brukar frå den ordinære 230 V-stikkkontakten, må det vera ein rekkeviddeforlengjar som ein hurtigladestasjon vil gje. Dermed må slike rekkeviddeforlengjarar byggjast med jamne mellomrom slik at elbilar kan få fylla opp batteriet med elektrisitet. Oppfølging av nasjonalt mål om fleire som skal bruka elbilar.

Søknaden gjeld investeringar og det føremålet fell utanfor retningslinene til RNH.

Potensiale i etablering av fleire ladestasjonar er det grønne skiftet og større fleksibilitet for elbilbrukarane i Hardanger og tilreisande..

Evnen til å gjennomføre prosjektet er godt ivareteke gjennom Hardanger Energi.

Framlegg til vedtak:

Regionalt Næringsfond Hardanger gjev søknaden Hardanger Energi om støtte til hurtigladestasjonar avslag. Grunngevinga er at søknaden gjeld støtte til investering og det fell utanfor retningslinene til RNH.

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0033 Tilskot til deltaking i Techmarkers
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 530 Transportinfrastruktur

Prioritet frå RNP/Hfk: 4.5.3 Sikra at infrastrukturen er tilpassa næringslivet behov

Strategi frå Hardangerrådet: Ikkje tilpassa-

B. Vurdering:

Søknaden gjeld tilskot til reiseutgifter for 2 personar til Workshop på Fornebu.

Søkjaren skriv:

Det er estimert at de neste 40 årene vil være ca 6000 brønner som skal plugges bare på norsk sokkel. Norsk Olje & Gass har estimert at dette vil koste ca 880 milliarder kroner. 78% av denne regningen dekker den norske stat. Tre elementer i prosessen med å redusere denne kostnaden er identifisert av industrien selv: 1- plugge brønner uten bruk av rig, 2- utvikling av ny plugge-teknologi, 3- bedre planlegging.

Tanken bak WellGuard er å utvikle en løsning for å kunne verifisere ny teknologi og bidra til bedre planlegging gjennom effektiv utnyttelse av tilgjengelig informasjon gjennom implementasjon av

WellGuards brønnverktøy og programvare. WellGuard AS, representert ved daglig leder Eirik Espe, søker herved Hardangerrådet, om et tilskudd pålydende NOK 75 000 til eksterne kostnader (reisekostnader) forbundet med deltaking i Techmakers, et akseleratorprogram for oppstartsselskaper innen energi.

Selskapet er invitert med i en innledende runde for programmet Techmakers, en workshop som finner sted 14.-15. September på Fornebu. Dersom selskaper ønsker etter den innledende workshopen, kan selskapet søke om å få delta i selve Techmakers programmet, som varer da frem til 11. desember 2015. Programmet har som mål å bistå lovende oppstarts-bedrifter med rådgiving, nettverksbygging, strategiutvikling, kapital innhenting, og opprette samarbeid med industrielle interessenter. Hensikten med programmet er også å redusere tiden det tar å utvikle en bedrift fra konsept til en kommersiell aktør.

Søknaden gjeld investering i samarbeid og er å rekna for driftsutgifter for selskapet, og det føremålet fell utanfor retningslinene til RNH.

Potensiale i søknaden er å skapa utvida driftsgrunnlag for selskapet WellGuard AS som kommersiell aktør.

Evnen til å gjennomføre prosjektet verkar solid.

Framlegg til vedtak:

Regionalt Næringsfond Hardanger gjev søknaden WellGuard AS om støtte til reiseutgifter avslag. Grunngevinga er at søknaden gjeld støtte til drift og det fell utanfor retningslinene til RNH.

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0034 Forprosjekt "Fra introduksjonsdeltaker til fagarbeider"
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: Ingen tilpassa kategori
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.4.1 Fleire med relevant kompetanse
Strategi frå Hardangerrådet: 1. Nyskaping og kompetanse

B. Vurdering:

Søknaden gjeld forprosjektet for å utvikla ein modell der ein kan få fleire kvalifiserte fagarbeidar til næringslivet i Odda. Vaksenopplæringa i Odda, Odda vidaregåande skule saman med store verksemdar set i gang dette forprosjektet for å sikra framtidig fagkompetent arbeidskraft i regionen.

Søkjaren skriv:

Forprosjekt skal utvikle en modell for rekruttering av fagoperatører for lokalt næringsliv her representert ved bedrifter som Boliden AS, gjennom en yrkeskvalifisering av introduksjonsdeltakere bosatt i Odda. Boliden Odda og evt. andre bedrifter i distriktet ønsker å delta i et fellesprosjekt med Vaksenopplæringen i Odda og Odda Videregående skole for å gjennomføre et forprosjekt med mål å utforme en modell for kompetanseutvikling og fagutdanning for målgruppen introduksjonsdeltakere. Forprosjektet skal utforme og planlegge alle arbeidsrettslige, økonomiske og pedagogiske forutsetninger for gjennomføring av et tilpasset opplegg for kompetanseheving for introduksjonsdeltakere i Odda og interesserte nabokommuner. Forprosjektet skal planlegge hvordan en gjennom et partnerskap mellom næringslivet, videregående skole og vaksenopplæringen/ flyktningetjenesten kan bidra til å sikre integrering og arbeid for bosatte flyktninger gjennom en tilpasset fagutdanning. I tillegg vil en gjennom dette rekruttere etterspurt kompetansearbeidskraft som lokalt næringsliv har i årene som kommer. I forprosjektet skal en avklare behov for hvilke ekstratiltak utover et ordinært løp i skole og i bedrift som er nødvendig for introduksjonsdeltakerne. Målgruppen er deltakere over 25 år og vil derfor ikke være kvalifisert til et ordinært fagbrevløp. Videre må behovet for nødvendige koordineringstiltak mellom videregående skole, Odda kommune Vaksenopplæringen og bedrifter avklares. En må videre legge til rette for individuelle mentorordninger, språkguiding og tilrettelagt faglig oppfølging.

Dette forprosjektet er eit viktig tiltak for å få til modellar som kan tilfredsstillast etterspørsel og tilbod av fagfolk i industrien i Odda. Søknaden har ei finansiering der all kontantstraum og nær 50% av kostnadane er tenkt finansiert av RNH. Dette er eit utviklingstiltak i tråd med retningslinene i RNH, men av omsyn til avgrensa midlar og andre relevante søknader tilrår eg avslag. Med så sterke aktørar i ryggen må prosjektet kunna realiserast likevel. Forprosjektet er svært relevant i Hordland Fylkeskommune sin prioriteringar i Regional Næringsplan.

Potensiale i søknaden er å sikra framtida for relevant arbeidskraft i regionen.

Evnen til å gjennomføre prosjektet er i gode hender i Vaksenopplæringa i Odda.

Framlegg til vedtak:

Regionalt Næringsfond Hardanger gjev søknaden frå Vaksenopplæringa i Odda om støtte til Forprosjekt "Fra introduksjonsdeltaker til fagarbeider"avslag. Grunngevinga er at RNH har avgrensa midlar og at denne søknaden når ikkje opp i prioriteringane mellom søkjarane.

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0035 Sjøaure Hardanger Forprosjekt 2016
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: Ingen tilpassa kategori
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.3.2 Fleire vekstkraftige verksemder
Strategi frå Hardangerrådet: 5. Reiseliv

B. Vurdering:

Søknaden gjeld forprosjekt med målsetjing å reetablere fisketurismen i Hardanger som næringsgrunnlag. For reiselivet er dette eit registret potensiale og for miljøet og sportsfisket er det eit arbeid for å sikra sjøauren i framtida.

Søkjaren skriv:

Vassdraga og sjøaurebestandane utgjer ein stor verdi for Hardanger, både som ein del av naturens mangfald, men og som ei kjelde for arbeid og innkome. Det vert gjort ein betydeleg innsats for å ta vare på og utvikle sjøaurebestandane i Hardanger, og staten vil nytte store ressursar i dette arbeidet.

Forprosjektdelen i Sjøaure Hardanger skal sjå nærare på korleis arbeidet med å få til ei god næringsmessig utnytting av denne store ressursen kan realiserast.

Med betring i bestandar og god tilrettelegging kan omfanget av sportsfiske etter sjøaure aukast betydeleg. Gjennom det statleg finansierte genbankprosjektet vert det stimulert til tiltak for å betre tilstand og tilkomst til gode gyte- og oppvekstområder i vassdraga. Ein del av avkastninga av innskotet i genbanken er kontrollert, befrukta rogn som vert tilbakeført til det einskilde vassdraget, noko som og bidreg til å styrke bestandane.

Om ein lykkast i ei styrking av bestandane over tid, og samstundes legg godt til rette for organisert sportsfiske etter sjøaure, vil det næringsmessige og samfunnsøkonomiske konsekvensane og vere betydelege. Eit godt døme er å vise til Fyn, der det målretta og tverrfaglege arbeidet gjennom 20 år har resultert i 67.000 årlege gjestedøger (2013-tal). Dette er eit fiske som foregår i sjø, og samanlikna med Hardanger kan vi tilby gjestane fjordfiske eller fiske i vassdrag i omgjevnader i verdsklasse. Potensialet for ringverknader av godt utvikla sportfiske etter sjøaure i Hardanger kan raskt utgjere fleire titalls millionar kroner pr år.

Dette forprosjektet vil følgja opp og kommersielt utnytta det omfattande arbeidet som no vert gjort for å sikra laks- og sjøaurebestanden i Hardanger. Målsetjinga er å skapa ein attraktiv sportsfiskeregion. Av ein kostnad på 1,4 mill kr er RNH omsøkt med 100.000 kr. Som reiselivsutvikling er dette god satsing, men av omsyn til avgrensa midlar frå RNH så tilrår eg avslag.

Potensiale i søknaden er å skapa nye reisemålsattraksjonar i Hardanger

Evnen til å gjennomføre prosjektet ver i gode hender i Reisemål Hardanger Fjord

Framlegg til vedtak:

Regionalt Næringsfond Hardanger gjev søknaden frå Reisemål Hardanger Fjord om støtte til Forprosjekt Sjøaure Hardanger Forprosjekt 2016 avslag. Grunngevinga er at RNH har avgrensa midlar og at denne søknaden når ikkje opp i prioriteringane mellom søkjarane.

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0036 Vandredestinasjon Hardanger 2016

Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0200 Støtte til etablerte bedrifter eldre enn 5 år

Prioritet frå RNP/Hfk: 4.3.2 Fleire vekstkraftige verksemder

Strategi frå Hardangerrådet: 5. Reiseliv

B. Vurdering:

Søknaden gjeld forprosjekt med målsetjing å reetablere fisketurismen i Hardanger som næringsgrunnlag. For reiselivet er dette eit registret potensiale og for miljøet og sportsfisket er det eit arbeid for å sikra sjøauren i framtida.

Søkjaren skriv:

Prosjektet har 2 føremål: 1. Gjennomføre visningstur for internasjonale vandreoperatørar. 2. Produsere ein kvalitetsmessig god trykksak med levetid over fleire år som presenterer eit utval av dei beste fotturane i Hardanger.

- 1) Dei siste åra er det ei auke av utanlandske turoperatørar som er spesialistar på pakking av vandreferiar som har teke i bruk Hardanger. Det kjem i dag gjestar frå m.a. Austerrike, Tyskland, Frankrike, England og USA for å gå på tur i Hardanger. Dette er turar som vert arrangert ein eller fleire gonger pr år, og vert arrangert i mange år når dei først er etablerte. Det er arbeidskrevjande å få desse operatørane å etablere program i Noreg – og helst Hardanger – og Reisemål Hardanger Fjord ynskjer å gjere fleire målretta tiltak mot denne marknaden. Hardanger kan raskt utgjere fleire titalls millionar kroner pr år.*
- 2) Turistkontora og reiselivsverksemder registrer auka interesse for fotturar, og det hadde vore eit godt hjelpemiddel å ha ei brosjyre på norsk/engelsk som viser eit variert utval av dei beste fotturane i Hardanger. Formatet må vere slik at det er mogleg å trykke gode kart for turane. Dette er ein type informasjonsmateriell som er sakna i Hardanger i dag. I mange av Hardangerkommunane er det også gjennomført eit betydeleg arbeid med merking av turar i terrenget, og ei god brosjyre/handbok vil gjere dei flottaste av desse turane meir tilgjengelege for dei som besøker oss.*

Dette prosjektet vil følgja opp og kommersielt utnytta potensialet i den aukande vandrarturismen som ein også opplever i Hardanger. Ein effekt av tilsvarande arbeid frå Reisemål Hardanger Fjord si side er Trolltungamarkandsføringa. Aktivitetsturismen er eit satsingsområde, og eg tilrår RNH å støtta dette prosjektet. Av omsyn til avgrensa midlar så tilrår eg å støtta med 100.000 kr av omsøkte 200.000 kr.

Potensiale i søknaden er å vidareutvikla reisemålsattraksjonar i Hardanger.

Evnen til å gjennomføre prosjektet ver i gode hender i Reisemål Hardanger Fjord

Framlegg til vedtak:

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Reisemål Hardanger Fjord 50.000 kr i støtte til prosjektet Vandredestinasjon Hardanger 2016
2. Tilsegn vert administrert av Reisemål hardanger Fjord ved Hans Jørgen Andresen
3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjar.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ved fullført prosjekt.
5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjettrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering

8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0038 Skifer viktig for bygningsarven i Hardanger Søknad II

Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0300 Etableringstøtte til bedrifter
Prioritet frå RNH/HFK: 4.4 Fleire med relevant kompetanse
Strategi frå Hardangerrådet iks: 4. Kulturbaserte næringar

B. Vurdering:

Firma Håkon Kvestad søker RNH om 60.00 kr for 2015 til prosjektet Skifer for bygningsarven i Hardanger, ei oppfølging av søknaden frå 2014.

Søkjaren skriv:

Søknaden er likelydande med søknad i fjor til Regionalt Næringsfond. Totalt har vi sett opp NOK 120 000 i støtte frå regionalt Næringsfond. Ifjor fekk vi tildelt NOK 60 000 og vi søker no med dette om siste delen på NOK 60 000.

Då vart dette kort omtale av prosjektet: «Prosjekt målet er å sikra kommersiell tilgang på skifer til restaurering samt sikra at kunnskapen om bruk av skifer som taktekkingsmetode vert vidareført til dagens handverkarar. Det er planlagt å etablera firmaet på ny lokasjon lokalt med eigna lokale regulert til føremålet. For å sikra nok areal til skiferlagring er det levert søknad om omregulering av eit tilstøytande område. Signala så langt er gode. I tillegg er det avtala makebyte med ein annan nabo for å gjera området meir praktisk.»

Sakutgreiinga 2014 konkluderte slik: Det er 2 hovudprosjektaktivitetar: 1. Fysisk lagring og 2. Sikra kompetanse med fleire målgrupper. Å ta vare på både skifer og tradisjon er god tradisjon og god ressursutnytting. No når søkjaren sit med denne kompetansen og vil satsa på å både ha skiferlager og driva kompetansspreiing, så er det eit initiativ å ta vare på. Eg tilrår å støtta med 60.00 kr i 2014 og så få han søkja igjen i 2015 viss prosjektet vert realisert. Søknaden var i fjor for eit 2 årig prosjekt og fekk 60.000 kr for 2014. Det er etter mitt syn eit så viktig arbeid som no er starta opp at RNH bør støtta dei resterande 60.000 kr til prosjektet i 2015.

Potensiale i dette prosjektet er Handverkarar i Hardanger med skiferkompetanse vil auka monaleg. Ingen skifertak vert rivne utan at skiferen vert vurdert som aktuell for gjenbruk på lager. Bevara ein vesentleg større del av bygningsarven.

Evne til å gjennomføre er i dei beste hender hos fagmannen Håkon Kvestad.

Framlegg til vedtak:

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Håkon Kvestad 60.000 kr i støtte i 2015 til prosjektet Skifer - viktig for bygningsarven i Hardanger
2. Tilsegn vert administrert av Håkon Kvestad.
3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjar.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ved fullført prosjekt.
5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0039 Bokprosjekt harding Puls
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: Ingen høveleg akategori
Prioritet frå RNP/Hfk: Ingen høveleg kategori
Strategi frå Hardangerrådet: 4. Kulturbasert næringar

B. Vurdering:

Søknaden gjeld tilskot til å gje ut ei kunstbok basert på dei kunstverka i naturen i prosjektet «mellom himmel og fjord». Kunstverka er fotodokumenterte, men det såt stt å laga tekst og laga bok.

Søkjaren skriv:

Harding Puls skal i gang med eit bokprosjekt om kunstverka i det 3 årige kunstprosjektet Mellom Himmel og Fjord på Bu, Utne, Mælen og Norheimsund. Kunstverka har ei avgrensa levetid ute i naturen og det er viktig med ein dokumentasjon slik at verkavert tilgjengeleg for ettertida. Med so flotte kunstverk som har blitt skapt og vert skapt er det naturleg at dokumentasjonen må verte ei flott KUNSTBOK med store flotte foto og fagleg omtale av prosjektet. engelsk. Det er på tide at me også får ei bok som presenterer ny kunst som vert skapt i regionen vår. Språket i boka skal vera på nynorsk, som er ein del av identiteten vår. Den skal og ha ein engelsk oversetjingsdel. Den anerkjende fotografen Oddleiv Apneseth føl opp fotografering av kunstverka i alle dei 3 åra kunstprosjektet pågår. Fotodokumentasjonen er lagt inn som ein del av sjølve prosjektet Mellom Himmel og Fjord. Soleis er den delen finansiert, og me har mange flotte foto i arkivet vårt allereie som skal vera med i boka. Me søker midlar til setje i gang med redaksjonelt arbeid, honorering av fagleg omtale frå ei kunsthistorikar og honorar til designar og omsetjing til engelsk. I redaksjonen set kurator Kjell-Erik Ruud, prosjektleiar Solfrid Aksnes og prosjektmedarbeidar og kunstnar Aud Bækkelund. Me vil ha inn ein skribent som kan finslipa omtalane som kunstnarane sjølve kjem med, og elles bistå redaksjonsgruppa. Og me ser på fleire kunsthistorikarar/kritikarar som kan vera aktuelle for ei kunstfagleg artikkel om prosjektet vårt sett i lys av historia om Kunst i Landskapet / Landart som kunstform. Trykke- og distribusjons utgifter er ikkje tatt med i budsjettet i denne omgang, då fleire støtteordningar til den delen krev at bokplanen og oppsettet er nærmast ferdig utarbeida.

Søknaden gjeld driftsutgifter til å skriva ei bok. Normalt har bokprosjekt ikkje fått midlar frå RNH då det fort kan vera konkurransevridande sjølv om det er nok-profit-tanke. Bokproduksjon er naturlege å definera som driftsutgifter og fell utanfor retningslinene til RNH.

Potensiale i søknaden er å fortelja omverda om ei bok som presenterer ny kunst som vert skapt i regionen vår.

Evnen til å gjennomføre prosjektet har Harding Puls solid erfaring med..

Framlegg til vedtak:

Regionalt Næringsfond Hardanger gjev søknaden Harding Puls om støtte til bokproduksjon avslag. Grunngevinga er at søknaden gjeld støtte til drift og det fell utanfor retningslinene til RNH.

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 40 MATkonferansen i Hardanger
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetanseheevande tiltak for befolkning og samf

Prioritet frå RNH/HFK: 4

Strategi frå Hardangerrådet iks: 1 Nyskaping og kompetanse

B. Vurdering:

Hardanger Matkulturfestivalen har i 11 år formidla matkultur og kunnskap i Hardanger. På 5. året arrangerar dei saman med kompetansenavet Vest og FMLA Matkonferansen i Eidfjord. Det er i år blitt eigen organisasjon som er søkjar.

AUKA inspirasjon, engasjement, forståelse og kunnskap for lokalmataktørar, aktørar i dag og framtidige aktørar. I 2015 arrangerer dei dette for næringa i Hardanger og søker RNH om midlar til konferansen. Det er fokus på smart nettverksamarbeid og matkulturskattane.

Kostnadane er på 80.000 kr og av det vert RNH omsøkt med 500.000 kr. RNH støtta tiltaket i 2014.

Søkjaren skriv:

Matkulturen står sterkt i Hardanger og me vil ta den vidare. Vårt bidrag er å engasjera, formidla kunnskap og skapa nettverk.

MATkonferansen i Hardanger er ein dagskonferansen i samband med Hardanger MATkulturfestival i Hardanger. Me ønskjer å vera ein arena for næringsaktørar i og rundt lokalmaten i Hardanger, til inspirasjon, nettverk og kunnskap Me vil samla ulike aktørar for å verta kjende og gjerne skapa framdrift i saman

Søknaden viser til at for lokalmatarbeidet så er slike samlingar med kompetanseheving en viktig del. Det er mange konferansar i Hardanger og RNH har hatt som grunnlag at ei startstøtte viser positivitet frå fondet si side. Me dei avgrensa midlane i RNH 2015 så tilrår eg ikkje å prioritera denne konferansen.

Potensiale i dette prosjektet er kompetanseheving og vidareutvikling av dei verksemdene som deltek.

Evne til å gjennomføre konferanse reknar me med at arrangørane har med sin erfaring frå tidlegare år.

Framlegg til vedtak:

Regionalt Næringsfond Hardanger gjev søknaden frå Matkonferansen i Eidfjord om støtte til utvikling av Matkonferansen i Hardanger 2015 avslag. Grunngevinga er at RNH har avgrensa midlar og at denne søknaden når ikkje opp i prioriteringane mellom søkjarane.

Vedtaket kan ikkje ankast.

RNH 2015 Søknad nr 0041 Stønad til vidareutvikling av innhald i Juklafjord
Sakshandsaming RF 13.50 Leiv Vambheim

A. Forhold til prioriteringar / strategi:

Hovudkategoriar frå KR D: 0200 Støtte til etablerte bedrifter eldre enn 5 år
Prioritet frå RNP/Hfk: 4.3.2 Fleire vekstkraftige verksemder
Strategi frå Hardangerrådet: 5. Reiseliv

B. Vurdering:

Søknaden gjeld investeringa i å opparbeida kjellaren i Juklafjord til eit oppdatert lokal for fleire aktelle kurs- og reiselivfunksjonat

Søkjaren skriv:

Prosjektet med å innreie kjellaren på Juklafjord har starta, 80 m2 med Sollesnesskifer til golv er kjøpt inn, varmekablar, isolasjon og grovstøyp av gulv er ferdigstillt våren 2015. Resten av arbeidet med kjellaren er prosjektert og er planlagt utført etter 2015 sesongen er over. Total kostnad til å innreie kjellar er estimert til 500 000 NOK, sjå budsjett og finansiering vedlagt. Arealet som no skal innreiest skal ha ulike funksjonar etter årstid og andre aktivitetar i huset.

Innhaldet som no skal utviklast er:

- Seminar og kurs lokale
- Serveringslokale, kunne ta i mot grupper som har vore på breen, og turistbussgrupper
- Utleige av lokale til møter og liknande (eksterne)
- Konsertlokale
- Utsal/butikk
- Sjølvbetjent turistinformasjon/hurtiginformasjon, eksisterande turistinformasjon skal vere som den er, tanken her er at alle som kun har enkle spørsmål som står i alle de ulike trykksakene frå Hardanger skal kunne finne dette sjølv om dei vil. Problemet i dag er liten displayplass til brosjyrar.

Med dagens drift av Juklafjord ser me ved besøk av skuleklassar/grupper at det er behov for parallell føredrag/sesjonar, dermed er kjellaren særst viktig då den er avskilt og «lydtett» i forhold til dei andre klasseromma. Kjellaren vil også kunne gjere at me kan ta i mot grupper for lunsj, føredrag og liknande sjølv om turistinformasjonen er open. Kjellaren vil også gjere at me kan ta i mot større grupper enn me kan i dag. For å utvikle berekraftige heilårsarbeidsplassar på Juklafjord er dette eit naudsynt steg å ta.

Tilskotet på 50 000 NOK frå næringsfondet er til å utvikla innhaldet i kjellaren på Juklafjord. Vonar de ser at de me har skapt til no på Juklafjord er positivt, og vil vere med å bidra så me kan utvikle Juklafjord vidare.

Juklafjord er blitt eit velfungerande firma som gjev eit viktig tilbod til dei reisande i Hardanger. Investeringane i huset og aktivitetane har forbetra grunnlaget for reiselivet i regionen. Opprustinga av kjellaren er eit vidare steg for verksemda. No er det slik at denne søknaden omfattar midlar til investering og det fell utanfor retningslinene til RNH.

Potensiale i søknaden er å vidareutvikla reisemålsattraksjonar i Hardanger

Evnen til å gjennomføre prosjektet ver i gode hender hos Juklafjord.

Framlegg til vedtak:

Regionalt Næringsfond Hardanger gjev søknaden frå Juklafjord om støtte til investering i kjellaren avslag. Grunngevinga for avslaget er at det vert søkt om støtte til investering som fell utanfor retningslinene i RNH.

Vedtaket kan ikkje ankast.